



# NOREGS HØGSTERETT

Den 4. desember 2018 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Utgård, Noer og Kallerud i

**HR-2018-2297-U, (sak nr. 18-173731STR-HRET), straffesak, anke over orskurd:**

A

(advokat Jacob Sanden Ringsrød)

mot

Påtalemakta

(politiadvokat Ole Kristian Holtmark)

gitt slik

## O R S K U R D :

- (1) Saka gjeld vidare anke over lagmannsrettens orskurd om mellombels tilbakekall av førarretten og beslag av førarkort. Spørsmålet er om lagmannsrettens orskurd må opphevast på grunn av manglende kontradiksjon.
- (2) Den 16. april 2018 vart A, fødd 00.00.1994, tiltala for brot på vegtrafikklova § 31 første ledd, jf. § 5, jf. skiltforskrifta § 8 skiltnummer 362 "Fartsgrense", for å ha halde ei fart på 167,34 km/t i ei 100 km/t-sone. Han vart seinare dømd for forholdet ved Øvre Romerike tingretts dom 8. oktober 2018. Dommen er ikke rettskraftig.
- (3) Påtalemakta bad i påskrift 5. september 2018 om tingrettens orskurd om vidare mellombells tilbakekall av den tiltala sin førarrett og beslag av førarkortet, inntil saka mot han er endelig avgjort.
- (4) Øvre Romerike tingrett gav orskurd 26. september 2018 med slik slutning:

**"Påtalemyndigheten kan midlertidig tilbakekalle førerretten og holde førerkortet til A, født 00.00.1994, beslaglagt inntil saken mot ham er endelig avgjort, men ikke ut over 11. juli 2019."**

- (5) A anka til Eidsivating lagmannsrett, som 11. oktober 2018 gav orskurd med slik slutning:  
**"Anken forkastes."**
- (6) A har anka til Høgsterett. Anken gjeld saksbehandlinga og rettsbruken, og er i hovudsak slik:

- (7) Fartsmålinga vart ikkje gjort i samsvar med gjeldande instruks. Når det gjeld saksbehandlinga i lagmannsretten er det halde fram at retten skulle ha kontakta forsvarar før den avsa orskurd, og at retten skulle ha gitt beskjed om at det var fastsett ein annan frist for støtteskriv enn det som opphavleg var avtala. Forsvararen hadde grunn til å tru at fristen var 5. november 2018, og ikkje 10. oktober 2018, og rakk derfor ikkje å sende støtteskriv.
- (8) A har sett fram slik påstand:
- "Eidsivating lagmannsretts kjennelse i SAK: 18-142503SAK-ELAG oppheves."**
- (9) *Påtalemakta* har ikkje kome med merknader til anken.
- (10) *Høgsteretts ankeutval* viser til at kompetansen for utvalet i ein vidare anke er avgrensa til å gjelde saksbehandling og lovtolking hos lagmannsretten, jf. straffeprosesslova § 388. Anken rettar seg mot lagmannsrettens saksbehandling, som utvalet kan prøve.
- (11) Lagmannsretten gav i e-post 4. oktober 2018 frist for forsvararen til 5. november for støtteskriv. I denne perioden vart tiltaleespørsmålet avgjort i tingretten, som sa dom i saka. Forsvararen kunne ikkje møte på det fastsette tidspunktet, og den tiltala møtte åleine i tingretten.
- (12) Lagmannsretten skriv i orskurden at lagmannsretten ikkje hadde motteke noko støtteskriv innan fastsett frist 10. oktober. Utvalet viser til at lagmannsretten ikkje har gitt skriftleg melding om ny frist, og at det er tydeleg at det har oppstått ei uklarheit mellom retten og forsvararen om fristen. Utvalet viser også til at ein frist til den 10. oktober var krevjande for forsvararen i saka her, etter som han ikkje hadde møtt som forsvarar under den saka som enda med dom 8. oktober. Det gav særleg grunn for lagmannsretten til å vere sikker på at forsvararen hadde fått gitt inn støtteskriv, før retten avgjorde saka.
- (13) Utvalet er etter dette kome til at det var ein saksbehandlingsfeil når lagmannsretten ikkje sikra seg at forsvararen hadde forstått fristen for støtteskriv rett.
- (14) Å kunne få grunngi ein anke er ein grunnleggande rett, og utvalet finn i saka her ikkje grunn til å gå inn på i kva grad feilen har hatt innverknad på resultatet.
- (15) Orskurden er samrøystes.

#### S L U T N I N G :

Lagmannsrettens orskurd 11. oktober 2018 blir oppheva.

Ragnhild Noer  
(sign.)

Karl Arne Utgård  
(sign.)

Knut H. Kallerud  
(sign.)

Rett utskrift: